



Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

6021 Arbeidsrett

27.mai 2011

Tid :	9 - 13
Målform :	Bokmål/Nynorsk
Sidetall :	6 inkl. fremside
Hjelpemiddel:	Norges Lover og/eller annen offisiell lovtekst uten kommentarer, særtrykk av lover og forskrifter, samt Hovedavtalen mellom LO og NHO med kommentarer.
Merknad :	Dersom oppgavene er ufullstendige eller uklare må du selv ta de nødvendige forutsetninger. Forutsetningene bør gå klart frem av besvarelsen. Samtlige spørsmål skal drøftes og besvares.
Vedlegg :	Ingen

Eksamensresultata blir offentliggjort på nettet via Studentweb



Bokmål

DEL I

Marte Kirkerud er 57 år gammel og ble ansatt i selskapet Anleggsmaskiner AS i 1979 som telexoperatør. Hun har siden arbeidet som sekretær, i resepsjonen/sentralbordet og med fakturering. Arbeidet har de siste 10 årene vært delt mellom resepsjons/sentralbordtjeneste (80%) og faktureringsarbeid på oljelaboratoriet (20%). Hennes formelle bakgrunn er 3-årig handelsskole.

Selskapet Anleggsmaskiner AS har hovedkontor i Oslo og en rekke avdelingskontorer rundt i landet. Det selger nye og brukte anleggsmaskiner og foretar service og delesalg knyttet til solgte maskiner. Selskapet har om lag 180 ansatte i Norge, hvorav 100 arbeider på hovedkontoret. Det har nære forbindelser med et svensk selskap i samme konsern.

Anleggsmaskiner AS hadde i 2009 et overskudd på 13 millioner, hvilket utgjorde omtrent 2% av omsetning. I 2010 var overskuddet 10 millioner. Under arbeidet med budsjettet for 2011 utover sommeren og høsten 2010, ble det klart at selskapets eiere forventet bedre avkastning på innskutt kapital. En rekke forslag til kostnadsbesparende tiltak ble vurdert, hvorav opprettelse av et felles telefonsystem - lokalisert til Stockholm. Konsekvensen av dette ville være at sentralbordtjenesten ville bli nedlagt. De tillitsvalgte ble informert på et bedriftsutvalgsmøte 11. oktober, men ble pålagt taushetsplikt i forhold til de øvrige ansatte.

På møtet med ledelsen 30. oktober 2010 ble tillitsvalgt Peder Ås informert om at de to ansatte i resepsjonen – deriblant Marte Kirkerud - måtte sies opp. Peder Ås tok opp spørsmålet om ikke Marte Kirkerud kunne tilbys andre stillinger i bedriften, men ledelsen mente at hun ikke hadde tilstrekkelig kompetanse til å gå inn i ledige stillinger. På dette tidspunkt var fortsatt ikke Marte Kirkerud informert om planene.

Den 31. oktober 2010 ble Marte Kirkerud innkalt til møte med daglig leder Bjørn Bjørnsen. Hun ble innledningsvis spurt om hun ville ha med seg tillitsvalgt, da temaet for møtet var hennes arbeidsoppgaver. Dette ville hun imidlertid ikke. Etter en redegjørelse for flyttingen av telefontjenesten til Sverige, ble hun overlevert en på forhånd skrevet oppsigelse da hun forlot møtet. Oppsigelsen lød slik:

Til Marte Kirkerud

OPPSIGELSE

De sies med dette opp fra deres stilling i Anleggsmaskiner AS. I følge arbeidsavtalen er oppsigelsesfristen 3 måneder.

Årsaken til oppsigelsen er rasjonaliseringstiltak

Dersom De vil gjøre gjeldende at oppsigelsen ikke er saklig begrunnet, har De rett til å kreve forhandling og reise søksmål etter bestemmelsene i arbeidsmiljøloven § 17-3.

Oslo, 31.10.10

Med hilsen
Bjørn Bjørnsen
Daglig leder



Marte Kirkerud forlot møtet i lettere sjokktilstand og gikk til lederen for oljelaboratoriet – Ola Li – som var overrasket. Ola Lie mente at hun kunne overta enkelte andre oppgaver ved laboratoriet, som per dato var besatt av en vikar fra vikarbyrået Girlpower, i tillegg til den stillingsprosenten hun allerede hadde der. Ola Li mente at Marte Kirkerud kunne ta hånd om disse oppgavene etter ca 1 måneds opplæring.

Spørsmål 1:

Gjør rede for om det foreligger en formriktig oppsigelse.

I det følgende forutsettes at det foreligger en formriktig oppsigelse.

Spørsmål 2

Hvilken dag vil være Marte Kirkeruds siste arbeidsdag?

Den 21. november ble det avholdt forhandlingsmøte mellom Marte Kirkerud og bedriftens ledelse. Begge sider hadde med seg advokat. Man foretok en ny gjennomgang av andre ledige stillinger Marte kunne gå inn i, men ledelsen fastholdt at hun ikke var kvalifisert. Marte takket nei til å overta kantinedriften for egen regning. Selskapet hadde en ledig stilling på lageret og på nytt sentralbord i Stockholm, men mente det ville være en fornærmelse å tilby disse stillingene til Marte. Dette ble derfor ikke gjort. Bjørn Bjørnsen var ikke interessert i å diskutere arbeidsoppgavene på oljelaboratoriet idet han mente at Marte ikke var kvalifisert for disse oppgavene. En deltidsstilling på 20% ved oljelaboratoriet (fakturiering) ble ikke av noen av partene sett på som noe alternativ alene.

Marte Kirkerud var fortvilet over å miste jobben og tok ut søksmål mot Anleggsmaskiner AS med påstand om at oppsigelsen var usaklig og således ugyldig.

Spørsmål 3

Drøft og avgjør om oppsigelsen er usaklig og således ugyldig

Det tok lang tid før saken kom opp for retten, og oppsigelsesfristen løp ut. Da Marte Kirkerud tok ut søksmål krevde hun samtidig å stå i stillingen til saken var rettskraftig avgjort, noe Anleggsmaskiner AS avviste.

Spørsmål 4

Gjør rede for om Marte Kirkerud kan kreve å stå i stilling til saken er rettskraftig avgjort?

DEL II

Bedre Båter as hadde et vanskelig år i fjor, og det ser ikke ut til at oppdragsmengden vil øke med det første. Bedriften vurderer derfor om de enten må si opp eller permittere 6 ansatte.

Gjør rede for hvilke vurderinger bedriften må gjøre ved valg mellom de to alternativer.

DEL III

Spørsmål 6

Gi en kortfattet og poengtert redegjørelse for:

- a) *Hva er tvungen lønnsnemnd?*
- b) *Når er det aktuelt å bruke tvungen lønnsnemnd?*
- c) *Hva menes med fredsplikt i den kollektive arbeidsretten?*
- d) *Hva menes med lockout i den kollektive arbeidsretten?*



NYNORSK

DEL I

Marte Kirkerud er 57 år gammal og blei tilsett i selskapet Anleggsmaskiner AS i 1979 som teleksoperatør. Ho har sidan arbeidd som sekretær, i resepsjonen/sentralbordet og med fakturering. Arbeidet har dei siste 10 åra vore delt mellom resepsjons/sentralbordtjeneste (80 %) og faktureringsarbeid på oljelaboratoriet (20 %). Hennar formelle bakgrunn er 3-årig handelsskule.

Selskapet Anleggsmaskiner AS har hovudkontor i Oslo og ei rekkje avdelingskontor rundt i landet. Selskapet sel nye og bruka anleggsmaskinar og føreteck service og delesal knytt til selde maskinar. Selskapet har om lag 180 tilsette i Norge, av dei arbeider 100 på hovudkontoret. Dei har nære forbindelsar med eit svenskt selskap i samme konsern.

Anleggsmaskiner AS hadde i 2009 eit overskot på 13 millionar, noko som utgjorde om lag 2 % av omsetninga. I 2010 var overskotet 10 millionar. Under arbeidet med budsjettet for 2011 utover sommaren og hausten 2010, blei det klart at selskapets eigarar forventa betre avkastning på innskoten kapital. Ei rekkje framlegg til kostnadssparande tiltak blei vurdert, mellom anna oppretting av eit felles telefonsystem - lokalisert til Stockholm. Konsekvensen av dette ville vere at sentralbordtenesten ville bli lagt ned. Dei tillitsvalde blei informert på eit bedriftsutvalsmøte 11. oktober, men blei pålagt teieplikt i forhold til dei øvrige tilsette.

På møtet med leiinga 30. oktober 2010 blei tillitsvald Peder Ås informert om at dei to tilsette i resepsjonen – deriblant Marte Kirkerud - måtte seiest opp. Peder Ås tok opp spørsmålet om ikkje Marte Kirkerud kunne få tilbud om ei anna stilling i verksemda, men leiinga meinte at ho ikkje hadde tilstrekkeleg kompetanse til å gå inn i ledige stillingar. På dette tidspunkt var framleis ikkje Marte Kirkerud informert om planane.

Den 31. oktober 2010 blei Marte Kirkerud innkalla til møte med dagleg leiar Bjørn Bjørnsen. Ho blei innleiingsvis spurt om ho ville ha med seg tillitsvald, da temaet for møtet var hennar arbeidsoppgåver. Dette ville ho ikkje. Etter ei utgreiing om flyttinga av telefonenesten til Sverige, blei ho overlevert ei på førehand skriven oppseiing da ho gjekk frå møtet. I oppseiinga stod det:

Til Marte Kirkerud

OPPSEIING

Du seiest med dette opp frå di stilling i Anleggsmaskiner AS. I følge arbeidsavtala er oppseiingsfristen 3 månader.

Årsaken til oppseiinga er rasjonaliseringstiltak

Dersom du vil gjere gjeldande at oppseiinga ikkje er sakleg grunngeven, har du rett til å krevje forhandling og reise søksmål etter bestemmelsane i arbeidsmiljøloven § 17-3.

Oslo, 31.10.10

Med helsing
Bjørn Bjørnsen
Daglig leiar

Marte Kirkerud drog frå møtet i lettare sjokktilstand og gikk til leiaren for oljelaboratoriet – Ola Li - som var overraska. Ola Lie meinte at ho kunne overta enkelte andre oppgåver ved laboratoriet, som



per dato blei utført av ein vikar fra vikarbyrået Girlpower, i tillegg til den stillingsprosenten ho allereie hadde der. Ola Li meinte at Marte Kirkerud kunne ta hand om desse oppgåvene etter ca 1 månads opplæring.

Spørsmål 1:

Grei ut om om det ligg føre ei formriktig oppseiing.

I det følgjande forutset me at det ligg føre ei formriktig oppseiing.

Spørsmål 2

Kva for dag vil vera Marte Kirkruds siste arbeidsdag?

Den 21. november blei det halde forhandlingsmøte mellom Marte Kirkerud og bedriftensleiinga. Begge sider hadde med seg advokat. Det blei gjort ei ny gjennomgang av andre ledige stillingar Marte kunne gå inn i, men leiinga heldt fast på at ho ikkje var kvalifisert. Marte takka nei til å overta kantinedrifta for eiga rekning. Selskapet hadde ei ledig stilling på lageret og på nytt sentralbord i Stockholm, men meinte det ville vere ei fornærming å tilby desse stillingane til Marte. Dette blei difor ikkje gjort. Bjørn Bjørnsen var ikkje interessert i å diskutere arbeidsoppgåvene på oljelaboratoriet då han meinte at Marte ikkje var kvalifisert for desse oppgåvene. Ei deltidstilling på 20 % ved oljelaboratoriet (fakturering) blei ikkje av nokon av partane sett på som noko alternativ aleine.

Marte Kirkerud var fortvila over å miste jobben og tok ut søksmål mot Anleggsmaskiner AS med påstand om at oppseiinga var usakleg og såleis ugyldig.

Spørsmål 3

Drøft og avgjer om oppseiinga er usakleg og såleis ugyldig

Det tok lang tid før saka kom opp for retten, og oppseiingsfristen gjekk ut. Då Marte Kirkerud tok ut søksmål krevde ho samstundes å stå i stillinga til saken var rettskraftig avgjort, noko Anleggsmaskiner AS avviste.

Spørsmål 4

Gjer greie for om Marte Kirkerud kan krevje å stå i stilling til saka er rettskraftig avgjort?

DEL II

Bedre Båter as hadde eit vanskeleg år i fjor, og det ser ikkje ut til at oppdragsmengda vil auke med det fyrste. Bedriften vurderar difor om dei anten må seie opp eller permittere 6 tilsette.

Gjer greie for kva vurderingar bedriften må gjere ved valg mellom dei to alternativa.

DEL III

Spørsmål 6

Gje ei kortfatta og poengtert utgreiing for:

- e) *Kva er tvungen lønnsnemnd?*
- f) *Når er det aktuelt å bruke tvungen lønnsnemnd?*
- g) *Kva meinast med fredsplikt i den kollektive arbeidsretten?*
- h) *Kva meinast med lockout i den kollektive arbeidsretten?*